

# På grunnkurs i foto

Ein mann og 13 damer tok i mot tilbodet om fotokurs under Kulturveka i Radøy.



Av Hans E. Storheim  
hans.egil@strilen.no

– No tar me turen ut for å ta portrett. Still først på lågaste blendartal som 2,8 og 3,5. Deretter tar de portrett med høgaste blendartal på kameraet.

Egil Olsvold starta med det grunnleggjande på første kveld av fotokurset på Radøy ungdomsskule måndag kveld. Kurset var i regi av Nordhordland Fotoklubb og inngår i Kulturveka som vert avslutta med ei siste økt i kveld.

– Kurset er interessant og lærerikt, synest Bjørg Murberg.

– No første kvelden har det vorte mest generelle ting. Me har lært litt og fått ein del tips, seier søstrene Lisa og Gina Taule Hella. Begge har hatt spelreflekskamera ein del år.

Det har også einaste mann på kurset, Ole B. Hella, som føler at kurset har litt å by på både for nybyrjarar og litt meir vidarekomne.



**KONSENTRASJON:** Lærar Egil Olsvold med konsentrerte elevar på første dag av fotokurset. Frå venstre May Britt Gjerde og Gry Kjersti Birkeland.

– Sjølv har eg halde på litt aktivt med eit brukbart spelreflekskamera i fems-seks år. Det eg har no var 60-årspresang frå meg til meg! avslørar Hella.

Kursleiar Olsvold opplyser at

siste kurskvelden vert eit steg vidare, der deltakarane blant anna skal drøfta motiv dei er bedne om å ta etter den første kvelden.



**SØSTRE:** «Slik ser det ut». Søstrene Lisa Taule Hella (t.v.) og Gina Taule Hella studerer på kameraskjermen kva dei har fått til.



**FÅR TIPS:** Einaste herremann på kurset, Ole B. Hella, gjev tips til Bjørg Murberg.

## Farande fuglar på Vestnorsk utvandringssenter



**FØREDRAG:** Nils Røv frå Norsk institutt for naturforskning heldt foredrag om «flygande emigrantar». (Begge foto: Kjell Olav Hjellum)

**SLETTA:** Onsdag kveld var det foredrag og utstillingsopning hjå Vestnorsk utvandringssenter.

Dei framkomte fekk ei god innføring i korleis dei ulike trekkfuglane tilpassar seg naturen, og om kvifor og korleis dei migrerer. Foredragshaldar, Nils Røv frå Norsk institutt for naturforskning (NINA), snakka kring temaet «Migrantar med fjør» og

spela munnspel. Foredraget vart halde på Radøystova på Sletta.

Røv starta foredraget med ei forteljing om migrasjon hjå menneske og viste til at menneske alltid har vore på vandring. Han viste også korleis villdyra vandrar over store område, og viste fuglefoto på lerret.

Etter foredraget på Radøystova var det utstillingsopning i det vesle rådhuset i emigrantlandsbyen på Sletta. Kunstnar Amy

Lightfoot fortalde om utstillinga «Fugleåret - folketro og fakta». Utstillinga med tolv litografi står på utvandringssenteret til og med søndag 3. juni. Utstillinga høver for alle aldersgrupper og kan sjåast i museet sine opningstider, og elles etter avtale.

Innsendt av Kjell Olav Hjellum medlem i veneforeninga ved Vestnorsk utvandringssenter



**STILLER UT:** Amy Lightfoot har laga utstillinga som ein no kan sjå hjå Vestnorsk utvandringssenter.

**BYGGMANN**  
...hjem til dine drømmer

- Nybygg
- Renovering
- Egne prosjekter

Besøk oss gjerne i våre lokaler på Seim eller du kan kikke på flotte hus fra Byggmann på: [www.seimbygg.no](http://www.seimbygg.no).

**SEIM BYGG**

Seim Bygg AS, Nesbrekka 28, 5912 Seim Tlf. 56 35 09 80 [www.seimbygg.no](http://www.seimbygg.no)